



Setesdal Regionråd
Berekraftig og fornybar

↑ TRE i Setesdal



FØREMÅL IFLG. PROSJEKTSKISSE

Med prosjektet ønskjer ein å identifisere og mobilisere bedrifter og aktørar knytt til trenæring, som ønskjer vidare utvikling og satsing – og i neste omgang å identifisere moglege utviklingsprosjekt.

På denne måten ønskjer ein å bidra til styrking og utvikling for eksisterande verksemdar, og kanskje også leggje til rette for nyetableringar eller nye samarbeid.

Indirekte resultat av eit slikt prosjekt kan også vere styrking av Setesdal som berekraftig reisemål for turistar.

ORGANISERING OG RAMMER/ RESSURSBRUK

Prosjektet er ei oppfølging av «Berekraftig byggeri i Setesdal».

Styringsgruppe:

- Rita Hansen, Setesdal regionråd
- Reidar Tveiten, Fylkesmannen i Agder
- Torleiv Momrak, Aust-Agder fylkeskommune
- Roar Flatland, Innovasjon Norge

Ingvild Hovden har vore innleigd prosjektleiar.

Budsjett og rekneskap:

Kva/ aktivitet	Budsjett	Justert budsjett	Rekneskap	Diff/ rest
Prosjektleiar (inkl. reise)	230 000	230 000	195 930	34 070
Administrasjonskostnader	50 000	0	0	0
Møter/ seminar/ samlingar	220 000	60 000	16 016	43 984
Nettside (utover prosj.leiar)	0	66 700	54 622	12 078
Konferanse (utover prosj.leiar)	0	119 000	93 138	25 862
Diverse/ uføresett	0	24 300	1 938	22 362
SUM	500 000	500 000	358 438	138 356

Finansiering:

Aktør	Beløp
Setesdal regionråd	100 000
Aust-Agder fylkeskommune	300 000
Fylkesmannen i Agder (UT-midler)	100 000
SUM	500 000

KARTLEGGING AV VERKSEMDER (AS)


Kommune	Verksemder	Samla omsetning 2018	Samla sysselsetting
Bykle	5	109 000 000	92
Valle	7	58 130 000	53
Bygland	4	71 400 000	46
Evje og Hornnes	10	91 500 000	84
Åseral	8	21 276 000	17
Sum alle kommunar	34	351 306 000	288

Også enkeltpersonforetak er kartlagt, men i denne oversikta er kun AS med.


Alle verksemder er presentert med kontaktinformasjon på treisetesdal.no.



3. Kva påstand beskriv best verksemda?



4. Kva stemmer best med slik du tenker for verksemda framover?



11 verksemdar
svarte på
spørjeundersøkinga.



5. Kan du nemne nokre konkrete utfordringar som dykkar verksemd har?

Tilgong til fagfolk

Den største utfordringa er rekruttering av arbeidskraft . både lærlingar og kvalifiserte faglærte , det er vanskeleg og få folk til og bu på bygda , lønnsnivået er relativt lågt samanlikna med byane . Oppdrag opplever me at det er godt med og dette er stabilt for vårt del .

Vidare

vidareutdanning , og utdanning av ufaglerte er og vanskeleg og kombinere med arbeid , då dette skjer i byane . og det krev mykje reisetid .

Rekruttering av fagfolk

Det er vondt å kjempe mot byråkrati å lovpålagte ting som vert dyrt å gjennomføre

Feks kurs i motorsag. Stillas.varmtarbeid.ute Varme arbeid inne .40 t kurs. Tilhenger. Truck.

Dette hev ingjæn stopp de e i hundrevis av kurs å krav så dette e plagsomt


Prispress fra lavkostland

Vi må automatisere fabrikken


Vi produserer trestol per til vegrekkverk ,Vegvesenet går over til stålstolper. Alt skal C E merkes og dette er problem å få til med Tre.



6. Vil det vere interessant for di verksemd om "Tre i Setesdal" set i gong nokre av desse tiltaka (utan at det medfører direkte kostnad for dykk)?



11. Vil di verksemd vere villig til å betale 3 000 kr per år for å kunne oppretthalde/ oppdatere ei felles nettside?





12. Har du forslag til konkrete tiltak som prosjektet kan ta tak i for å hjelpe trenæringa vidare?

Rekrutteringstiltak mot skular og vidaregåande .

Etterutdanning av ansatte i etablerte bedrifter

Nettverkssamlinger kurs og foredrag for Næringa .

Synleggjering / marknadsføring av fordelane ved og benytte lokale håndverkarar. Handelslekkasjen er stor .

Finn ut alt som vert tredd ned ive øyron på bedriftene så kanskje dykk Finn ut kvifor at messt ingjæn tene penger lenge

Bytt ut politikere med folk frå næringslivet i regionrådet. Fordeling 50/50 mellom politikere og næringsliv. Det er næringslivet som skaper og utvikler arbeidsplasser i Setesdal. Politikere er folkevalgte som skal tilrettelegge for at andre kan skape omsetning og arbeidsplasser.

Vi produserer lekeapparater - borer-benker -ballbinger-lavvoer-gapahuker- gjerder og mye annet. Kan lage mye etter kundens ønske.

Vi trenger hjelp til markedsføring

Kunne også trenge økonomisk hjelp til å invistere i anlegg for royalimpregnering og en sag . (er det muligheter til dette?) Hvordan og hvem kan vi søke til ?

KOMPETANSETILTAK/ TEMADAGAR/ MØTEPLASSFUNKSJON



Tredagen på Birkeland 29.5.2019

Tilbod om felles transport for aktørar frå Setesdal, men det var berre prosjektleiar og arkitektane Erick T. Allende og Ane Uleberg som deltok.



Laftesamling 5.6.2019

Bedriftsbesøk hos Haukeli Hytter og Hus, og presentasjon av ny laftemaskin dei hadde bestilt. 11 deltakarar.

KOMPETANSETILTAK/ TEMADAGAR/ MØTEPLASSFUNKSJON

Invitasjon til frukostmøte 9.10.2019

Smeland Interiør på Evje skulle vere vertskap, og tema var kompetanse, rekruttering og lærlingeordning. Ingen påmelde utover dei som skulle ha innlegg på samlinga, så den blei avlyst.

Den nasjonale konferansen for trearkitektur

Tilbod om å dekke deltakaravgift for aktørar frå Setesdal. Kun Erick T. Allende deltok.



Laftesamling 22.10.2019

Bedriftsbesøk hos Rysstad Laftebygg. Besøkte også Stock og laftehallen på Setesdalsmuseet. 10 deltakarar.

KONFERANSE «TRE I SETESDAL» PÅ RYSSTAD 15.1.2020

Opning v/ karane i laftehallen

Orientering om dagen og prosjektet v/
Ingvild Hovden

Kulturinnslag

Korleis kan kommunar bidra til meir bruk av tre? Ved Venke Moe, plan- og bygningssjef i Kristiansand

Motivasjon for og erfaring med å bygge nye Sauland skule i massivtre. Ved ordførar Bengt Halvard Odden.

11:30 Lunsj og anledning til å prate med bedriftene som har stand.

Telemark Byggentreprenør AS – tok utfordringa med massivtre utan å ha erfaring frå før. Ved dagleg leiar Tor Magne Nevestveit og prosjektleiar Stian Sveinsson.

Grensesprengande trebyggeri – moglegheiter og myter. Ved Jørgen Tycho, arkitekt og dagleg leiar i Oslo tre AS.

«Tredriveren i Agder» til teneste. Ved Kristin Vedum.

Pause.

Tre på Agder – presentasjon av nettverket.

Setesdal bygningsvernssenter ved Anders Dalseg.

Korleis står det til med den lokale trenæringa? Intervju med Smeland Interiør, Byglandsfjord Sag, Rysstad Laftebygg og Bykle Vindu.

Korleis kan me få til fleire gode treprosjekt i Agder? Debatt med Ole Birger Lien frå Setesdølen som debattleiar, og desse deltakarane i panelet:

- Gunnar Thompson, BRG Entreprenør
- Venke Moe, Kristiansand kommune
- Jørgen Tycho, Oslo tre
- Jon Rolf Næss, Bykle kommune
- Jan Oddvar Lineikro, Åseral kommune

98 deltakarar og gode tilbakemeldingar.


Takk til Setesdalsmuseet og karane i laftehallen for godt samarbeid og god tilrettelegging!





Setesdal Regionråd
Berekraftig og fornybar

NY NETTSIDE TREISETESDAL.NO



HAR ME NÅDD MÅLA?

Vanskelig å seie, då det ikkje var definert klare mål. Vegen har blitt litt til medan ein har gått, mellom anna på bakgrunn av tilbakemeldingar frå næringa – eller mangel på så.

Konkret med utgangspunkt i forslag til tiltak frå næringa i spørjeundersøking:

- Det er ikkje drive aktive rekrutteringstiltak, men det er laga ei eiga side om utdannings- og jobbmoglegheiter på nettsida treisetesdal.no. Informasjonen er delt i sosiale medier, og ein har oppmoda næringa sjølv til å dele i sine kanalar.
- Det er ikkje gjort tiltak for å leggje til rette for vidareutdanning.
- Det er invitert til ulike nettverkssamlingar og foredrag.
- Det er drive ei viss «lobbyverksemd» for å framsnakke bruk av lokale varer og tenester. Dette kom også fram på konferansen 15. januar.
- Frustrasjon over tungvint byråkrati er vidareformidla til politikarar og administrasjon i kommunane gjennom sluttrapport og i denne presentasjonen.
- Støtte til marknadsføring og investeringar må eventuelt handsamast som eigne søknader.

TRE i Setesdal

Offentleg group

MEDELLMAR

151 medlemmar



SKILDRING

Denne gruppa er oppretta i samband med Setesdal regionråd sine prosjekt "Berekraftig byggeri i Setesdal"/ Setrhytta og oppfølgjaren "TRE i Setesdal".

Meir informasjon om prosjekta på www.treisetesdal.no.

Her kan alle dele informasjon som ein meiner er relevant for medlemene.